



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/25	Formannskapet	03.04.2025

Moglegheitstudie Førde helsetun 2017

Vedtak i Formannskapet 03.04.2025:

I lys av den økonomiske situasjonen som Sunnfjord kommune står i, der alle planlagde investeringar skal vurderast, ynsker vi å trygge oss på at valt prosjektet, «ny sjukeheim i Førde», er det mest gunstige økonomisk både når det gjeld investering, livsløpskostnad og drift av institusjonen. Formannskapet ber om å få lagt fram følgjande:

- Kan heile eller delar av moglegheitstudien av 2017 kunne nyttast, og samstundes integrere kapasitetsauken til eksisterande sjukeheim.
- Er det skilnad på moglegheitene for Husbankfinansiering i dei ulike alternativa
- Er det mogleg å gjennomføre ulike alternativ som ei gradvis utbygging som gir oss rett kapasitet etter kvart som behovet melder seg
- Korleis vil ei gradvis utbygging kunne gi oss rom til å strekke på tidslinja for investeringsbehov.
- Grovestimat på byggekostnader og tomtekostnader for dei ulike alternativa
- Driftskostnad. Vurdering av driftskostnad knytt til dei to alternativa med omsyn til personalbehov, logistikk, utnytte fellesrom (kjøkken, spisesalar, lager, behandlingsrom, lege tenester, osv.)
- Kartlegge kva vi alt har av mogelege sjukeheimsplassar i kommunen

Føresetnaden for utgreiinga er at dei definerte behova kommunen har for nye institusjonsplassar i Sunnfjord kommune og omsorgsbustadar i Førde sentrum, jf. Bustadsosial handlingsplan.

Bakgrunn for saka

I møte i formannskapet 3. april 2025 var det planlagt ei orientering om "Moglegheitstudie Førde helsetun 2017".

Under behandling av innkallinga og saklista i dette møtet vedtok eit einstemmig formannskap å sette dette som ny sak på saklista jf. koml. § 11-3 første ledd, for drøfting og behandling om vidare oppfølging.

Førde, den 03.04.2025

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Formannskapet 03.04.2025:

Framlegg til vedtak frå Ap (seinare trekt), fremja av Helge Robert Midtbø (Ap):

Formannskapet ber om å få lagt fram følgjande:

- Kan heile eller delar av «Volumstudie 2» kunne nyttast, og samstundes integrere kapasitetsauken til eksisterande sjukeheim.
- Er det mogleg å gjennomføre ulike alternativ som ei gradvis utbygging som gir oss rett kapasitet etter kvart som behovet melder seg.
- Korleis vil ei gradvis utbygging kunne gi oss rom til å strekke på tidslinja for investeringsbehov.
- Grovestimat på byggekostnader og tomtekostnader for dei to alternativa.
- Driftskostnad. Vurdering av driftskostnad knytt til dei to alternativa med hensyn til personalbehov, logistikk, utnytte fellesrom (kjøkken, spisesalar, lager, behandlingsrom, lege tenester, osv.)
- Kartlegge kva vi alt har av mogelege sjukeheims plassar i kommunen

Føresetnaden for utgreiinga er at dei definerte behova kommunen har for nye institusjonsplassar, jf. Bustadsosial handlingsplan.

Fellesframlegg frå Sp, Ap, H, V, og SV, fremja av Helge Robert Midtbø (Ap):

I lys av den økonomiske situasjonen som Sunnfjord kommune står i, der alle planlagde investeringar skal vurderast, ynsker vi å trygge oss på at valt prosjektet, «ny sjukeheim i Førde», er det mest gunstige økonomisk både når det gjeld investering, livsløpskostnad og drift av institusjonen. Formannskapet ber om å få lagt fram følgjande:

- Kan heile eller delar av moglegheitstudien av 2017 kunne nyttast, og samstundes integrere kapasitetsauken til eksisterande sjukeheim.
- Er det skilnad på moglegheitene for Husbankfinansiering i dei ulike alternativa
- Er det mogleg å gjennomføre ulike alternativ som ei gradvis utbygging som gir oss rett kapasitet etter kvart som behovet melder seg
- Korleis vil ei gradvis utbygging kunne gi oss rom til å strekke på tidslinja for investeringsbehov.
- Grovestimat på byggekostnader og tomtekostnader for dei ulike alternativa
- Driftskostnad. Vurdering av driftskostnad knytt til dei to alternativa med omsyn til personalbehov, logistikk, utnytte fellesrom (kjøkken, spisesalar, lager, behandlingsrom, lege tenester, osv.)
- Kartlegge kva vi alt har av mogelege sjukeheims plassar i kommunen

Føresetnaden for utgreiinga er at dei definerte behova kommunen har for nye institusjonsplassar i Sunnfjord kommune og omsorgsbustadar i Førde sentrum, jf. Bustadsosial handlingsplan.

Under godkjenning av innkallinga og saklista vart planlagt orientering i sak 067/25 "Moglegheitstudie Førde helsetun 2017" einstemmig sett som ny sak på saklista.

Kurt Even Andersen, kommunalsjef helse og sosial, om Moglegheitsstuiden for Førde helsetun frå 2017.

Avstemming:

Sp, Ap, H, V, og SV sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM-068/25 Vedtak:

I lys av den økonomiske situasjonen som Sunnfjord kommune står i, der alle planlagde investeringar skal vurderast, ynsker vi å trygge oss på at valt prosjektet, «ny sjukeheim i Førde», er det mest gunstige økonomisk både når det gjeld investering, livsløpskostnad og drift av institusjonen. Formannskapet ber om å få lagt fram følgjande:

- Kan heile eller delar av moglegheitstudien av 2017 kunne nyttast, og samstundes integrere kapasitetsauken til eksisterande sjukeheim.
- Er det skilnad på moglegheitene for Husbankfinansiering i dei ulike alternativa
- Er det mogleg å gjennomføre ulike alternativ som ei gradvis utbygging som gir oss rett kapasitet etter kvart som behovet melder seg
- Korleis vil ei gradvis utbygging kunne gi oss rom til å strekke på tidslinja for investeringsbehov.
- Grovestimat på byggekostnader og tomtekostnader for dei ulike alternativa
- Driftskostnad. Vurdering av driftskostnad knytt til dei to alternativa med omsyn til personalbehov, logistikk, utnytte fellesrom (kjøkken, spisesalar, lager, behandlingsrom, lege tenester, osv.)
- Kartlegge kva vi alt har av moglege sjukeheimsplassar i kommunen

Føresetnaden for utgreiinga er at dei definerte behova kommunen har for nye institusjonsplassar i Sunnfjord kommune og omsorgsbustadar i Førde sentrum, jf. Bustadsosial handlingsplan.